

## Referat HARDANGER KULTURRÅD mandag 18.09.2023 kl 10.00-13.00

Tilstades: Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune; Mary Ann Sørheim, Kvam herad; Anne Marit Lekve, Ulvik herad; Else Marie Sandal, Ullensvang kommune (digitalt)  
Adm/Sekretariat Hardangerrådet: Trude L. Rinaldo og Jostein Eitrheim

### Tildeling: Regionalt Kulturfond Hardanger 2023, gjort i Hardanger kulturråd 18.09.2023.

Tilskot av regionale kulturmidlar har vore lyst ut på nettsida til Hardangerrådet, i alle kommunane og delt i sosiale medier via kommune- og kulturnettverket.

Det var 5 søknader.

#### Søkjjarliste:

→ **Søknad 1 Ålvik skolemusikkorps** - Elma Montoya

Avslag. Ligg utanfor rettningslinjer.

→ **Søknad 2 Hardanger Berlin** - Johild Mæland

*Her meldte Lisbeth B. Celik seg innhabil og forlot rommet under saksbehandlinga.*

Avslag. Ligg utanfor rettningslinjer.

→ **Søknad 3 Konsertturne UTOPIA** - Inger-Kristine Riber

Tilsagn. Denne søknaden vert invilga med søknadssum på kr 40 000. Ligg innafor rettningslinjer.

→ **Søknad 4 Jubileumsmarkering Harding Puls** - Inger-Kristine Riber

Tilsagn. Denne søknaden vert invilga med søknadssum på kr 40 000. Ligg innafor rettningslinjer.

→ **Søknad 5 Messen Kunstpark** - Solfrid Aksnes

Tilsagn. Denne søknaden vert invilga med søknadssum på kr 30 000. Ligg innafor rettningslinjer.

#### **Vedtak:**

#### **Tildeling Regionalt kulturfond Hardanger 2023:**

| Navn på søknad                          | Sum søknad    | Tilsagn/Avslag |
|---|---------------|----------------|
| 1. Ålvik skolemusikkorps                | 10 000        | Avslag         |
| 2. Hardanger Berlin                     | 30 000        | Avslag         |
| 3. Konsertturne UTOPIA                  | 40 000        | 40 000         |
| 4. Jubileumsmarkering Harding Puls      | 40 000        | 40 000         |
| 5. Messen kunstpark                     | 30 000        | 30 000         |
| <hr/> Totalt                            | <hr/> 160 000 | <hr/> 110 000  |
| Overført til neste utlysing januar 2024 |               | 40 000         |

Hardanger kulturråd vil endra tidspunkt for utlysing.

Neste utlysing vert såleis i januar 2024 med frist 1.mars 2024.

## Prat rundt bordet:

- Er kultursektoren tilbake til vanlege dagar?
- Kino slit med publikum, men store kinotittlar sel som før. Det store spørsmålet er om ein skal ha Kino, og om ja må ein ta dei kostnadane som er. Sjølv om ein digitaliserar, fornyar og minskar på ansatte, er lisensar og utstyr kostbart. Konklusjonen til no er at Kino betyr mykje. Den digitale tida er stadig i forandring, og her må kinodriftarar også henga med.
- Leiar ber om nyvalg. Dette vert sak på neste møte i Hardanger kulturråd.
- Rådet ønskjer også å diskutera tilskotsordningar i kommunane. Viktig også å diskutera korleis ein behandlar søknader om økonomisk støtte direkte i kommunestyra, versus å følgja retningslinjer og søkja på ordningar innan fristar.
- Kva med å invitera store kulturorganisasjonar, festivaler og museum til eit fellesmøte i Hardanger Kulturråd.
- Dagsturhyttene er stor suksess også i Hardanger!
- Neste møte i Hardanger kulturråd er mandag 27.11.2023.

Kinsarvik 18.09.2023

Lisbeth B. Celik  
Hardanger Kulturråd

Trude L. Rinaldo  
Sekretær